

Fra: Olav Hundvin <ohundvin@kongshaug.no>
Sendt: torsdag 16. februar 2023 14:06
Til: Postmottak Alver
Emne: Primærbustad kontra fritidsbustad

Hei,

Frå sumaren 2023 vert kona mi pensjonist. Eg held fram i arbeid ei stund til om helsa heldt. Kona mi vil difor opphalda seg meir på Hundvin enn ho til no har hatt høve til. Spørsmålet mitt er difor; Kva skal til for at me kan ha to primærbustader i staden for ein primærbustad og ein fritidsbustad? I desse tider med høge straumrekningar vil det kunne ha mykje å sei om huset vert rekna som primærbustad eller fritidseigedom. Huset det gjeld er gnr 56 bnr 22 på Hundvin. Bruket har tidlegare vore fast bustad, men ikkje for oss. Kva vil det eventuelt koste og gjera det om, og kva kjem det på av auka faste avgifter til kommunen om me gjer fritidsbustaden om til primærbustad? Eg tenkjer då på vatn, avlaup, søppel osb. og eventuelt eigedomsskatt dersom Alver har ei slik skatt.

Høyrer gjerne frå dykk.

Mvh.

Olav Hundvin
Medeigar av gnr 56 bnr 22 i Alver kommune.